

Forskningsplan



Gudbrandsdalsmusea

2012-2015

Innleing

Gudbrandsdalsmusea er regionmuseum for Gudbrandsdalen frå og med Ringebru og nordover (region midt-dalen og nord-dalen), samt Pilegrimsleden Vingrom/Brøttum til Nord-Sel, og folkemusikkarkiv for sør- og midtdalen. Som museum og i tråd med tildelingsbrev og andre styringsdokument frå stat og fylkeskommune skal musea jobbe med forskning, formidling, forvaltning og fornying.

I Forsking og utviklingsarbeid jfr. Norges Museumsforbund

Definisjoner av forskning og utviklingsarbeid (FoU)

- *Forskning og utviklingsarbeid (FoU)* er kreativ virksomhet som utføres **systematisk for å oppnå økt kunnskap** – herunder kunnskap om mennesket, kultur og samfunn – og omfatter også bruken av denne kunnskapen til å finne nye anvendelser.
- *Grunnforskning* er eksperimentell eller teoretisk virksomhet som primært utføres for å skaffe til veie **ny kunnskap** om det underliggende grunnlaget for fenomener og observerbare fakta, **uten sikte på spesiell anvendelse eller bruk**.
- *Anvendt forskning* er også virksomhet av original karakter som utføres for å skaffe til veie **ny kunnskap**. Anvendt forskning er imidlertid **primært rettet mot bestemte praktiske mål eller anvendelser**.
- *Utviklingsarbeid* er systematisk virksomhet som **anvender eksisterende kunnskap** fra forskning og praktisk erfaring, og som er rettet mot å fremstille **nye eller vesentlig forbedrede** materialer, produkter eller innretninger, eller å innføre nye eller vesentlig forbedrede prosesser, systemer og tjenester.

Kjelde: St.meld. nr. 20 (2004–2005) "Vilje til forskning".

II Museet sitt formål er jfr. § 2 i vedtektene

- *Driftsselskapet er etablert ut frå ei felles målsetting om å drive og utvikle einingane ved Gudbrandsdalsmusea AS.*
- *Driftsselskapet skal vere ein møtestad for arbeid med natur, kultur, kunst og kunnskap mellom fortid, nåtid og framtid i driftsselskapet sitt ansvarsområde.*
- *Eininga skal vidareutvikle sin kompetanse på natur- og kulturhistorie og vere aktiv i utviklinga av eit kulturbasert næringsliv.*
- *Selskapet kan ta på seg oppgåver for andre/nye einingar som ligg innanfor driftsselskapets formål.*
- *Selskapet skal vere eit non profit selskap. Eventuelt driftsoverskott skal først attende til drifts-selskapet.*

III Jf. museet sin strategiplan 2011-2015

Pk. 4 Samfunnsoppdrag, primærverksemd

Museet skal vera ein tverrfagleg institusjon med fokus på natur-, kulturhistorie og kunst. Museet skal dokumentere, forske og formidle innanfor sine prioriterte område med bakgrunn i materiell og immateriell kultur- og naturarv.

Dei prioriterte områda er

- *Utnytting av utmarka som ressurs (bergverk, jakt og fangst, fjellturisme, jarnframstilling, landskap og landskapsendring),*
- *arbeid og samfunnsforhold i regionen,*
- *forhaldet menneske og natur,*
- *naturlege endringsprosessar,*
- *matkultur*
- *byggningsvern*

Pk. 6 Forsking og utvikling

Mål:

1. *innan 2011 å få ferdig ein forskingsplan for museet.*
2. *legga til rette for at dei tilsette får sett av tid til å gå inn i relevante tema for museet*
3. *det skal ligga føre eit sluttprodukt (utstilling, artikkel el.)*
4. *innan 2015 ha auka talt på vitskapleg tilsette med konservator NMF*
5. *museet skal opprette ei forskargruppe ev. i samarbeid med andre aktørar, dgl. Leiar er leiar av forskargruppa.*
6. *skriftleg artikkel skal leggest fram for fagfellevurdering ved publisering i vitskaplege tidsskrift.*
7. *setta av 50 % ressurs til forskning, bør vera auka til 100 % innan 2015*
8. *museet skal ved si katalogisering og digitalisering av materiale legga til rette for at samlingane i større grad kan nyttiggjerast av eksterne forskarar.*

Tiltak: *avsetta midlar til eige forskning og gjera vårt materiale tilgjengeleg for andre forskarar.*

Pk. 14 Oppsummering – handlingsmål for planperioden (relevant utdrag)

- *museet sin fagstab er utvida med tre årsverk knytta til forskning, formidling og arkivverksemd.*

IV Status 2012 Gudbrandsdalsmusea

Grunna permisjon og skifte i leing vart det ikkje laga forskingsplan i 2011, men arbeidet med forskingsplanen starta haust 2012 og vart lagt fram for styret og vedteken 1. oktober 2012.

Museet har p.t. 1 konservator NMF (SH), 2 med hovudfag (SG og OT), 3 med 4 mastre (EH, GHH, BFF) og ein med tilsvarande kompetanse, siv.ing., frå UMB. (HS).

Museet er p.t. med i forskingsprosjekt med **ekstern** forskingskompetanse

- Oppland 1814, i regi av Opplandsarkivet. Professor Tore Pryser HiL er hovudforfattar, bok ferdig 2013
- Amtmanninnens kokebok, Toten økomuseum og historielag, fleire cand. ph. er medforfattarar, bok ferdig 2013
- Vegar til vatning, cand.ph. Ivar Teigum er forfattar, bok ferdig 2014
- Jødar i Gudbrandsdalen, forskar Hans Jørgen Wallin Weihe (Østlandsforskning), utstilling ferdig 2013
- Enig og tro til Dovre faller, stort prosjekt med mange ulike aktørar inkl. forskarar, 2014
- Opplandsjern, samarbeidsprosjekt 2008-2013 OFK, regionmusea i Oppland og Kulturhistorisk Museum UiO, ferdig juli 2013.
- Ny E6 – utgravingar gjennom Fron, i regi av Kulturhistorisk Museum/UiO

V Vurdering

Ved gjennomgang haust 2011 var det ingen av dei tilsette som ytra ynskje om å gå inn i ein aktiv skriveprosess med tanke på vitskapleg publisering. Ved drøftingar 10. sept. 2012 med avdelingsleiarane var det interesse for ein meir langsiktig plan for prioritering av tid til skriving/fagfelle vurdering og auka forskingskompetanse ved museet med prioritering av 2 personar innan 2015/6. Dei relevante fekk tenkepause til å gje tilbakemelding i løpet av hausten.

Staben finn det interessant å få vera med i andre fagmiljø, gjerne med formål forskning.

Det er viktig å sjå forskjell på dokumentasjon, forskning og formidling. Dette blir gjerne sett i same bås og i ein samanheng. Men er ulike arbeidsmetodar, gjerne i ein funksjons/plan-samanheng. Ofte blir formidlinga koplå direkte på dokumentasjonsmaterialet, men vi meiner at vi som faginstusjon må bearbeide dokumentasjonsmaterialet for å koma fram til ny kunnskap – og så formidle, gjerne sett saman med gamal, kjent kunnskap. Ein må og legga lik vekt på immateriell og materiell kultur/naturarv i arbeidet.

Forsknings- og utviklingsarbeid (FoU). F og U er eigentleg to ulike område som må fylgjast opp på ulike måtar, og som krev ulik kompetanse og ressursar. Utviklingsarbeid kan gjerne koma som ein konsekvens av forskning, og forskning kan gjerne koma som ein konsekvens av utviklingsarbeid. Sjå elles innleiinga med utdrag frå NMF.

Kva vi skal forske på ligg i forutsetningane for Gudbrandsdalsmusea (formål, vedtekter, samarbeidsavtalar, strategiplan). Innanfor vårt geografiske område er det såleis eit stort spekter av problemstillingar og tema som det kan vera aktuelt at museet forskar på.

Fokus bygningsvern: tradisjonell muring, bruk av lokal leire. Kunnskapen er borte frå distriktet, men fullt brukbar og påkrevd på m.a. freda bygningar.

Tradisjonell bruk av tre som byggemateriale: bearbeiding og utvelgjing til konkrete formål. Mykje er gjort, og det er kanskje nok? Eller kanskje vi kan konkretisere og formidle noko av det? Eller kanskje er det formidla nok også?

Tradisjonelle trekonstruksjoner i nye bygg, mogleg samarbeid med utdanningsinst. Bygningsvern/ samling. Båtbygging, ta opp att lokal praktisk kunnskap. Gjerne lage kopi, dokumentere båtane i samlinga (Jutulheimen)

Fokus publisering. Museet ynskjer å publisere i ulike typer organ: aviser, lokalhistoriske årbøker, fagtidsskrift og gje ut bøker sjølve på eige forlag (Gudbrandsdalsmusea). Dette er ei avveging ein må ta i planarbeidet (inkl. budsjett). Publisering er ein av måtane ein kan formidle fagstoff på, andre er utstillingar/nettutstilling, foredrag. Dette kan skje på eige hand frå museet si side eller i samarbeid med andre.

Det er eit mål at museet sin fagstab skal skrive kronikkar, artiklar m.m. i aviser og årbøker. Dette treng ikkje vera forskingsbasert, men kan vera det. Museet ynskjer også å publisere i fagtidsskrift, gjerne med fagfelle vurdering. Dei som har vorte prioritert i høve mogeleg autorisasjon vil få

Som mål for slik publisering er å få fram ny kunnskap og belyse aktuelle tema i Gudbrandsdalen.

VI Hovudmål Museet skal drive forskning i og for Gudbrandsdalen

Mål 1 Museet skal fullføre starta forskingsprosjekt (jfr. status) og formidle desse.

Tiltak Fylgje opp arbeidet, sørge for god framdrift og lage formidlingstiltak.

Mål 2 Museet skal ha ytterlegare 2 til med konservator NMF-autorisasjon innan 2015

Tiltak Legga til rette for at to i staben får frigjort tid og høve til å arbeide med tema innan museet sitt område.

Mål 3 Museet skal drive forskning innan bygningsvern, byggetradisjonar, handverk og materialbruk for å auke kjennskapen til lokale tradisjonar og betre antikvarisk arbeid for framtida.

Tiltak Bygningsrådgjevar skal få høve til fordjuping, vitenskapleg utprøving av metodar og publisering

Mål 4 Museet skal sørge for å framskaffe ny forskingsbasert kunnskap for Gudbrandsdalen

Tiltak Museet vil i årlege tiltaksplanar innpasse konkrete tiltak og tema for forskning i eige regi og gjerne i samarbeid med andre forskingsmiljø